

Noregs vassdrags- og energidirektorat
v/ Konsesjons- og tilsynsavdelinga
Postboks 5091 Majorstuen
0301 OSLO

Stord 22.05.2012
Dykkar ref.
Vår ref. 88635/1
Arkivnr.
Saksbehandler Kjetil Heimvik
Sider 1

Søknad om nedbygging av Blåfalli II kraftanlegg

SKL har utarbeidd ein generalplan for opprusting og utviding av kraftproduksjonen i Blådalsvassdraget. Planen er samansett av fleire delprosjekt med eit samla energipotensiale på vel 300 GWh/år. SKL er komen langt med gjennomføringa av planen. Eit viktig gjennomført prosjekt er utbygginga av Blåfalli Vik kraftverk -sett i drift i mai i 2007.

I samband med at Blåfalli Vik vart bygd, vart det òg gjort vedtak i styret til Sunnhordland kraftlag om at anlegg i dagen som tilhøyrrer Blåfalli I og II måtte sikrast og fjernast.

I det vi viser til nedanfor nemde punkt søker SKL Produksjon AS, med heimel i vassdragslovgivinga, løyve til nedbygging av Blåfalli II kraftanlegg, samt nødvendige løyve til å gjennomføre tiltaket i samsvar med Lov om vern mot forureining.

- Brev frå NVE 3. mars 2010 (Konsesjonsvedtak til SKL Nett for Opstveit transformatorstasjon) der bl.a. vert skrive «*NVE viser til konsesjon til bygging av Blåfalli Vik av 24.7.2003, der OED godkjenner at Blåfalli Vik skal erstatte kraftverkene Blåfalli I og II. Nedleggelsene av stasjonen følges opp som en tilsynssak av NVE med hjemmel i vassdragslovgivningen. Eventuelle krav om bevaring må avklares i denne samanheng. I KINK-prosjektets arbeid med vern av kulturminner i norsk kraftproduksjon, ble Blåfalli II ikke ansett å representere kraftverk med nasjonal kulturhistorisk verdi.*- Vedlagte planar og utgreiingar.

Nødvendige opplysningar om tiltaket går fram av vedlagte utgreiing.

Vi vonar søknaden tilfredsstiller styresmaktene sine krav, og at prosessen kan gå snøgt slik at løyve kan liggja føre i løpet av hausten 2012.

Med helsing SKL Produksjon AS

